

forum for
natur og friluftsliv
Sogn og fjordane


Referat frå fellesmøte Førde 27-28.november 2015

Deltakarar:

Marino Ask	Sogn og Fjordane Turlag, leiar, AU leiar
Alvar Melvær	Sogn og Fjordane Turlag, naturvernutvalet
Ron Overdevest	Sogn og Fjordane Turlag, leiar naturvernutvalet, AU- vara
Espen Bruun	SFT Ung, tilsett Ung-prosjekt
Lars Olav Rylandsholmen	Hornelen Kystlag, AU medlem
Erik Solheim	Naturvernforbundet, fylkesstyret, rådgjevar
Thorleif Jakobsen	Naturvernforbundet, Norges Speiderforbund
Marit Vøien Nes	Naturvernforbundet, leiar, AU-vara
Sigmund Flaten	Naturvernforbundet, AU medlem
Lin Hjelmeland Finjord	Naturvernforbundet, fylkessekretær
Øyvind Johan Korsøen	SKK Sunnfjord padleklubb
Elisabeth Dahle	FNF koordinator
Thor Erlend Mehammer	Røde Kors, tilsett tilrettelegger Ung
Svein Magne Løvø	Førde Røde Kors

Innleiarar:

Atle Skrede	Rådgjevar fysisk aktivitet, fylkeskommunen
Espen Bruun	SFT Ung prosjekt
Geir Haukås	NJFF fylkesstyret, Førde JFL
Thor Erlend Mehammer	Røde Kors tilrettelegger Ung, RØFF& BARK
Svein Magne Løvø	Røde Kors Førde, nestleiar
Sigmund Flaten	NVF fylkesstyremedl., ISF lokallag
Øyvind Johan Korsøen	SKK Sunnfjord padleklubb, leiar
Ron Overdevest	Naturvernutvalet i SFT, leiar
Marino Ask	SFT leiar, DNT Vest medlem
Elisabeth Dahle	FNF koordinator



forum for
natur og friluftsliv
Sogn og fjordane

Johannes Aanonby	Fylkesmannen i SF, seniorrådgjevar
Erik Solheim	NVF, rådgjevar / fylkesstyret
Thorleif Jakobsen	NVF Eid, Hobbyfotograf

Møtet starta med mingling, litt mat og kaffe før

FNF ved leiar i arbeidsutvalet Marino Ask ønskte velkomen og innleia til FNF fellesmøte 2015.

Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Atle Skrede rådgjevar for fysisk aktivitet i **SF fylkeskommune** orienterte om fellesnemninga fysisk aktivitet nytta for all aktivitet inkludert både idrett, friluftsliv og eigenorganisert aktivitet i innleiinga til orienteringa om Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Denne var tidlegare ein rein anleggsplan, men har no fått eit langt breiare perspektiv der visjonen er ”Fysisk aktivitet for alle”! Dette har inkl. tett kontakt med regionale organisasjonar som FNF, FFO, Idrettskrinsen og fagmiljøa i tillegg til kommunane. Planen gjeldande frå 2014-2017 vert no rullert for tidsperioden 2016-2019.

Det er lagt inn nye tiltak, i tillegg til at opphavlege tiltak vert vidareført, av desse var 33 av 57 tiltak heilt eller delvis gjennomført i gjeldande planperiode. Organisasjonane er viktige medspelarar for å nå mål og gjennomføre tiltak, og samarbeidet med FK – kommunar og organisasjonane, også kalla partnerskapen.


Tilskot vert oppretthalde på dagens nivå, utan kutt, og såleis skjerma i ein økonomisk trong tid for FK. FK oppmodar kommunane til å ha ein medvete frivilligpolitikk, inkludert i sine lokale, kommunale planer for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv samt at dei støttar lag og organisasjonar med driftsstøtte og tilskot, for å støtte samarbeid og måloppnåing med planen. Utviklingsavtaler mellom FK og organisasjonane er også viktige i dette arbeidet.

Frivillighetsmesser, her er det eit mål at ein får dette i alle 26 kommunar og at alle lokale lag og organisasjonar deltek her.

Friluftsråd, enno har fylket, som det einaste i landet, ikkje oppretta Friluftsråd / interkommunale friluftsråd i nokon region. Dette vert arbeida med, regionråd og FK viktige i vidare satsing her. Friluftsråda, spesielt dei interkommunale, utløysar store midlar til friluftslivet, til både tilrettelegging og formidling.

Prosjekt i planperioden: Ung meistring i vill vestlandsnatur (SFT Ung), Draumeplassen (4H + FFO), brosjyrar om friluftsliv på fleire språk, inkludering, konferansar om fysisk aktivitet, kosthald, folkehelse, aktiv aldring m.m.

Spelemiddelsøknader til friluftsliv, vert innvilga 1.søknadsår, får 50% av kostnadssum, minimum 3% av spelemidlane ei fylket skal gå til friluftsliv, t.d. sanitæranlegg, turstiar, turkart og anlegg til kystfriluftsliv. Det er rom for fleire gode søknadar. Prosjekt som skal søkast om treng eit ID-nummer frå Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Regional plan FIF har gode føringar og oppmoding om gode løysingar, men det er



forum for
natur og friluftsliv
Sogn og fjordane

politikarane som vedtek. Desse treng kunnskap og oppfølging, innspel før og fråsegn til planane! Her har organisasjonane og FNF ein viktig rolle å spele.

Vedlegg

Ungdomssatsinga og arbeidet i organisasjonane. Korleis jobbar vi?

Espen Bruun, SFT UNG, ungdomssatstinga i fylket for barn og unge.

Opptur er største satsinga, fjelltur for alle 8-klassingar med 20 arrangement på 50 % av alle skolane.

Basecamper for ulike aldersgrupper med ulike aktivitetar, kompetanseformidling og – oppbygging, men gir ingen sertifisering, praktisk kunnskap, sikker og trygg ferdsel i ulike element, ingen mobil, sosialisering. T.d. vintercamp, toppturar, frikøyring, skredlære, trygge ruteval, sommercamp, sjø/kyst, klatring, padling, fiske, villsausafari, formidling, matlaging ute, fiskesprell. Målet er å gje varierte tilbod, vise fram mange ulike aktivitetar og sidene ved dei, samt innføring i organisasjonslivet.

Djeeo – digitale kart, digitale løyper/naturstiar, lagvise oppgåver som må løysast i eit samarbeid i gruppa, både inne og ute samstundes ved kommunikasjon i gruppa. 14 skular besøkt, 650 elevar har vore med til no, fleire vert med til våren.

Vedlegg

Geir Haukås, NJFF i SF, Førde, fylkestyret, lokallag 26 stk av desse 20 i god drift.

Landsmøtet vedtok at NJFF skal satse på barn og ungdom som eit satsingsområde.

Sportsfiskets år 2014 fekk over 300.000 ut til fiske gjennom året. Laga har 10-20 arrangement årleg, fluebinding, mat på bål, partering, fiske og fiskestell, etikk knytt til vilt & fisk, holdningsskapande arbeid. Pensjonistar nyttast i barnehagen, tek dei med på fisketur, gjer opp fisk og lager fiskemat. 2 stenger med toppsnøre tok 700 aure i ein lokal bade-/fiskekulp – få auga opp for kvalitetane i nærmiljøet, rette personar på rett plass er vesentleg. Skytetrening, tilbod om opplæringsjakt etter jegerprøven = oppfølging, fadderordning i lokallaga.

Villmarksleir for ungdom i samarbeid med 4H og NJFF Hordaland, havfisketurar, ventelister for å vere med, 2 leire eit år, deltakarar vert instruktørar seinare, viktig rekrutteringsarena.

Telt, lavvo, matlaging på bål/ute, alt er ute, bålgrua går heile tida, kan grilla eige fisk her, fisk vert spist, fryst ned, tatt med heim, opplever gleda ved haustingstradisjonane.

10-12 juni er Villmarksleiren, alle er velkomne innom for å sjå!


7 min film frå Villmarksleiren: <https://www.youtube.com/watch?v=2jjJ-YoEnRo>

Kortversjon: <https://www.youtube.com/watch?v=kvQvTPsHDFo>

Thor Erlend Mehammer, Røde Kors tilrettelegger Ungdom, **RØFF & BARK** Barnas Røde Kors.

Gir støtte for unge og enslige asylsøkerer, hjelper de med ulike ting, aktiviteter, info om friluftsliv m.m. Vil gjerne ha samarbeid med friluftslivsorganisasjonane rundt uteaktiviteter.

BARK, Barnas Røde Kors 0-13 år driv med omsorg, førstehjelp og friluftsliv, lærer om geografi, om andre kulturer, natur med mer. Står for humanitet, einskap, frivillig, universalitet, uavhengighet. De lager ei avis som de får lay-out hjelp med og fortel kva dei



forum for
natur og friluftsliv
Sogn og fjordane

opplever og synes om å vere med i Barnas Røde Kors. Her er mykje positiv omtale og god og sosial læring!

RØFF, Røde Kors friluftsliv og førstehjelp 13-17 år, og på veg mot hjelpekorpsset som har 18-års grense. S&Fj er det mest aktive fylket med flest aksjoner i løpet av året.

Drives av Ung til Ung prinsippet som inneber

- Aktive val av seksual opplysning og adferd
- Stopp volden
- Aktivitet på mottak (einslige mindreårige asylsøkere)

Røde Kors er i ein omveltningssfase, der det er fleire nye tilsette, RØFF har for tida ingen aktive lag, det er eit mål å få desse i gang att.

Unge asylantar, samarbeid med mottaket Hero og fleire organisasjonar.

Vedlegg

Svein Magne Løvø, Røde Kors Førde, nestleiar.

Jobber i Utebarnehage og presiserer kor viktig at barna lærer å vere ute tidleg i livet, kle seg etter veret, spikking, bålpyring og mat ute m.m. gir mykje glede og undring i naturen.

Førde Røde Kors, jobber med inkludering, har ein Flyktningekoordinator, får tak i flyktningeguidar som arbeider 1:1 lokale møter nye menneske som lærer om og å få oppleve det norske samfunnet, kultur og friluftsliv.

Frivilligguide, leve – ikkje vente, no 4 frå Afghanistan som hjelper til

Leksehjelp til flyktningar,.

Røde Kors frivillighet – Det å glede en annen gir glede, er med på Førde Opp, UWC leirar for unge og Ferie for alle, dei fattige familiane som ikkje har råd til å reise på ferie, treng frivillige til å vere med å drive dette, barn, ungdommar og vaksne.

500 medlemmer – 100 som er aktive

Omsorg, hjelp til eigen omsorg, sosiale møteplassar, Besøksteneste, Besøksvenner 1:1, besøk, sosiale kjenskap.

Handarbeidsgruppe – vaksne på asylmottak, psykisk helse

Vitnestøtte – støtte under rettsaker

Stopp volden aksjon

Hjelpekorps – førstehjelp

Redningsdykkere

Julemat og utkøyring, mat, gåver, pengar.

Sigmund Flaten, Naturvernforbundet fylkestyret og Indre Sunnfjord lokallag

NVF har ein del prosjektmidlar til å drive aktivitetar, vil vere med på fellesaktivitetar med andre lag, snekring av fuglekassar, biomangfaldsutstilling, m.m. Fjorddeponisaka viktig.


Har aktivitetspakkar knytt til ulike tema som livet i fjøra, livet i skogen m.fl.

Driv prosjekt med kompostering i skulane, har 4-5 kompostbinger ute på ulike skular.

Naturlege kveldar, debatt og opplysningskveldar over aktuelle tema i samarbeid med Natur og Ungdom.

Naturgledeturar, turar med naturfagleg innhald og glede.

Øyvind Johan Korsøen, SKK Sunnfjord kajakklubb, leiar.



forum for
natur og friluftsliv
Sogn og fjordane

Naturglede viktig stikkord, bruker naturen i sine aktivitetar, dagsturar, kveldsaktivitetar inne og i basseng om vinteren, overnattingsturar med telt, lavvo og bål, fisking m.m. Medlemstal opp frå 180 - 300 på tre år. Vekentlege treningar, kvar måndag på kvelden. Fekk lett støtte til innkjøp av fleire barnekajaker frå Gjensidige-, Sparebankstiftelsen og NPF Norsk Padleforbund. Arrangerer turar på ulike stader med overnatting, telting, sosialt. Held polokurs i bassenget med polokajaker og instruktør, populært tiltak i bassenget der mange kan vere, nytte desse i ulike samanhenger. Har klubbhus sentralt i Førde og skal no utvida dette.

Middag og sosialt samvere.

Laurdag 28.november

SFT naturvernutvalet sitt arbeid med naturvernsaker siste år

Ron Overdevest, leiar naturvernutvalet SFT.

Opprinneleg skogbruksutdanna frå NMBU, erfaring frå skogbruksrådgjeving, veksthusnæring og læreryrke.

SFT har siste året levert høyringsfråsegn til 31 småkraftsaker, 3 større vasskraftsaker og nokre linjesaker, til områdevern, kommunale planer og ang motorferdsle.

Naturvernstrategien til DNT ligg til grunn for arbeidet og aktiviteten. Friluftslivet sine kår knytt til areala ligg til grunn for uttalene. Mangfaldet ute i naturen er verdfullt og vi veit for lite om samhengene der ute, vi må vere audmyke for dette og ta vare på desse verdiane.

Mindre vatn fører til færre arter og færre av kvar art att i elvestrengen.

Det må finnes nærleik og korridorar mellom økosystem, slik at utveksling og vandring kan skje. Vi må derfor ta vare på urørt natur for framtida.

SF Turlag har no 6350 medlem – urørt natur er viktig for turlaget.

EU har eit EU-direktiv som gjev oss enkeltvis rett til å lage/sikre oss avtaler for å få levert rein fornybar energi og på den måten sikre oss at vi ikkje får levert brun energi (dette kan vere med på å dempe sal og handel av energi).


DNT Vest samarbeidet ved Marino Ask, leiar SFT

DNT nasjonalt har 57 medlemsforeningar, regionale og lokale.

DNT Vest består av DNT organisasjonane frå Rogaland i sør til Møre og Romsdal i nord og med Agderfylkene og Trøndelag som assosierte medlemmer. FNF i desse fylka deltek på møter og i arbeidet etter høve.

Berre SFT har ein paraplyorganisasjon på fylkesnivå som kan samkøyre lokale interesser, det næraste er elles Bergen og Hordaland turlag (BHT) som er fylkesdekkande. DNT Vest samarbeidet er på eit fagleg grunnlag knytt til naturvern. Det var særleg alle sakene om utbygging av vindkraft som utfordra friluftslivet med nedbygging av store og bynære turområde med både rute- og hyttenett.

BHT har tilsett ein naturvernansvarleg, som er dekt 40 % av DNT sentralt, Nicolas Rodriguez.



forum for
natur og friluftsliv
Sogn og fjordane

Arbeidet er forankra i «Strategi for DNT's natur- og miljøvernarbeid 2014-2016 som ligg på nettsidene til DNT under foreningsnett:

<http://foreningsnett.turistforeningen.no/foreningsnett/files/Fagomraader/Naturforvaltning/Naturforvaltning%20i%20DNT/Strategi%20for%20DNTs%20natur-%20og%20miljovvernarbeid/Natur%20og%20miljovvernstrategi%20DNT%202014%202016.pdf>

Vindkraftprosjekt vert seld til utlandet etterkvart på lik line med småkraftverk som er mindre lønsame å drive og krev store kapitalinvesteringer.

Revisjonskrav, eldre vasskraftkonsesjonar som kan opp til revisjon innan 2022.

Elisabeth Dahle FNF koordinator /Alvar Melvær SFT naturvernuttval

<http://www.miljodirektoratet.no/Documents/publikasjoner/M49/M49.pdf>

Det er laget ein rapport med oversikt over dei prioriterte vassdraga, dvs dei som NVE og Miljødirektoratet ser som samfunnsmessig lønsame å revidere konsesjonen til for å betre miljøvilkåra knytt til vassdraga. Landskap og friluftsliv er tema som kan handsamast her (dei er ikkje tema knytt til EU sitt vassdirektiv) i tillegg til fisk/fiske og naturmangfold.

Det vart litt knapp tid til gjennomgang av vassdraga, men vi vart einige om å opprette arbeidsgrupper knytt til dei vassdraga som det er ønske om å fremme revisjonskrav til. Det er sendt ut epost til ulike aktuelle miljø om dette og det har til no komme inn eit svar ang Jostedøla. Koordinator arbeider vidare med dette og vil vere med å koordinere arbeidsgruppene og arbeidet i desse. Det ser no ut til at det er interesse for å fremme krav til Jostedøla (FNF, Olav Hermansen LJF/Sogn Villaksråd), mogleg også Årøyvassdraget, Åskora og/eller Øksvassdraget i Ålfoten (Alvar Melvær) so langt. Jens Aabel, tidlegare NVE aktuell samarbeidspart, Erik v/ vassdragsrådet / evt Alvar tek kontakt.

Koordinator vil ta kontakt med vassregionmynda og høyre kva rolle dei tenker i desse sakene, og om det vil vere ein føremon å samarbeide om dette. Vassområda likeeint, t.d i Nordfjord.

Vedlegg

Flaggermus – ei utfordring å forvalte.

Johannes Aanonby, FM i SF.


Eurobats – Europeisk flaggermusavtale av 1991 der Norge har forpliktet seg til å ta vare på:

- forvaltning og ivaretaking
- forpliktelse til kunnskap og forvaltning
- pesticider og impregnering er ein trussel for flaggermus, etter avtalen har Mdir ein pålagt oppfølgingsrolle, setta i verk juridiske og praktiske forpliktingar, der Zoologisk foreining ved flaggermusgruppa er ein viktig samarbeidspart for Mdir.

Naturmangfaldlova 2009 §5 forvaltningsmål for arter, levedyktige bestand i sine naturlege bestandsområde, definisjon av økologiske leveområde, kap 8-12 i NML sentral her, kunnskapsgrunnlaget, føre-var-prinsippet, økosystemtilnærming og samlet belastning, kostnadene ved miljøforringelse bæres av tiltakshaver, miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder.

Flaggermusene er ein gruppe med ein negativ utviklingstrend, negativ påverknad frå gamle og nye tiltak, utfordring å påpeike enkeltvis utfordringar, store samla konsekvensar.

Klimatiltak, er de til gode for naturmangfoldet?! T.d. Er tett skog er uheldig for flaggermus, de trekker og flyr inn i vindturbiner etc.



forum for
natur og friluftsliv
Sogn og fjordane

Flaggermus, svart kunnskapshull på området inntil ultralyddeketoren kom, revolusjon for kunnskap og forskning om artene, ulike lyder for ulike arter, Kunnskap finn du her:

Miljøstatus.no

Zoologisk forening.no

13 arter i Norden, 7 eller 8 av disse i Norge. Over halvparten av flaggermusartene i verden er rødlista, de har lav produksjonsrate får 1-2 unger i året,

Katter og andre predatorar som spesialiserer seg på flaggermusartene trussel.

Forskar på immunitet hjå artene, dei lever med sjukdomar utan å verte sjuke.

Truslar; vindkraft, vasskraftutbyggingar – insektproduksjon knytt til vassdraga er viktig for flaggermusene, de følgjer produksjonen frå stad til stad gjennom sesongene.

Kyrkja, steinurer og fjellsprekker er viktige leve- og buområde, og hule eiker som er utvald naturtype. Grønspekk og flaggermus funne i same osp.

Svaler og flaggermus beiter insekt i elveosane ved høg vassføring. Svalene kan vi sjå på dagtid, flaggermusene jakter om natta så vi ser dei ikkje så lett.

Edellauvskog med varme og vatn er gode flaggermushabitat.

De nyttar høgdegradienten på Vestlandet med snø/varme og følgjer ny produksjon oppover liene til fjellet gjennom sesongane.

Vedlegg

Korleis forvaltar vi vår natur under press av lysta på meir energi av klimaomsyn.

Erik Solheim, NVF.

Geir Gorder og Torbjørn Høitomt sin rapport gav svaret heilt klart i forrige veke. NVE skal ha ros for å ha sett i gang ei evaluering - de tok føre seg 20 vassdrag med 21 søknadar. Det kunnskapsgrunnlaget som har lege til grunn i desse har vore svakt. Desse to fann 12,8 gonger så mange raudlista mosar og lav, dei fann nesten dobbelt så mange naturtypar som de kunne skilje ut med ein viss verdi. I ein sak fann de 14 naturtypar av verdi A, dvs nasjonalt viktig verdi.

Verdiane som vert påverka er større enn det som blir omtalt – graden av påverknad er større og konsekvensen vesentleg meir negativ!

B-verdi fann de 34 av, konsulentane 10. Konsulentane har funne lite og feiltolka det de har oppdaga.


Fasiten for KU 6 av 21 tilfelle gav samanfall, i 14 av 15 fann de sakleg grunn til å skjerpe konsekvensstatistikken – opplegg for ny handsaming trengs.

**Verdi <-----> grad av påverknad
konsekvens**

40 % av sakene er 2 grader meir negative enn konsulentane kom fram til.

Resultatet er statistisk sett litt knapt, men tydeleg nok til å seie at det er gjennomgåande svakt, dårleg og feiltolka.

Forklaringa; arbeidet er gjort av folk som ikkje er kompetente, veit ikkje nok om habitatkrav og leveområde.



forum for
natur og friluftsliv
Sogn og fjordane

Raudlisteartar tel mykje for verdisettinga og konsekvensvurderinga. Desse firma som lever av dette er avhengig av oppdrag, mange leverer utbyggingsvenlege oppdrag, som generer fleire oppdrag. Undersøker ikkje viktige område med tynne unnskyldningar, t.d bratt tilgang.
Gjengedalsgjelet – verdisettinga her hadde nytta feil metodebruk som klassar ned verdiane, dei vert utvatna i samanstilling med store område.

Årsplan, strategiplan og budsjett 2016

Årsplan 2016:

Godkjent med tillegg til punkta 5., 6., 9., og 13.

4-års plan 2013-2017 gjeld, inga endring.

Strategiplan 2016: Godkjent slik den var lagt fram utan endring

Mediestrategi 2016: Godkjent slik den var lagt fram utan endring

Politisk strategi 2016: Godkjent slik den var lagt fram utan endring

Budsjett 2016:

Fellesmøtet gav AU fullmakt til å godkjenne budsjett etter at uklare spørsmål kring overføring og løyvingar, samt stillingsprosent koordinator vert avklart.

Godkjent slik det låg føre, men med oppmoding om at ein til neste budsjettperiode finn løysing for å skaffa inn friske midlar til å støtte organisasjonane i sitt arbeid med skriving av høyringsfråsegner.

Lysbilete ved Thorleif Jakobsen, NVF.


Vi fekk ein nydeleg, stemningsfull og gripande avslutning i bilete og tonar frå Thorleif.

Bilete av høg kvalitet. I sum, reflekterte desse kvifor vi alle er opptekne av å ta i vare naturen vår og at den gir grunn til undring og refleksjon for den som ser og undrar over kva og kvifor. Naturen er vakker, mangfaldig, spesialisert og livgjevande.

Lunsj og heimreise.

FNF vil takke alle deltakarar for eit godt og triveleg fellesmøte!

Elisabeth Dahle
– referent –



forum for
natur og friluftsliv
Sogn og fjordane

Dette var saka vi ikkje rakk innom, knytt til Erik sitt innlegg, dessverre:

Hei Elisabeth

Har avtalt med Erik Solheim at de på møtet i dag skal ta ein kort presentasjon av dokumentarfilmen Kampen om fjordane som blir lansert i februar.

Filmen handlar om kampen mot "Monstermaster" i Hardanger og viser korleis vanlige folk opplevde kampen mot mastene og utbygginga av Kraftlinja. Synnøve Kvamme har ein sentral rolle i filmen.

På nettsida vår www.hardingfilm.no ligg det ein kort presentasjonsfilm, ca 3 minutt.. Eg lura på om de kan visa denne snutten og høyra om det er nokon i Sogn som kan tenka seg å vera med oss å finna høvelege visningsstader og aktuelle saker å linka filmen opp mot.

Naturvernforbundet er ein viktig samarbeidspartner for oss og målet no er at filmen kan bidra inn i ein debatt om vern av natur og demokratier sin plass i dette. Hardangersaka er relevant i forhold til mange andre/nye saker og me håpar at filmen kan vera eit lite bidrag her.

Viss det finns enkeltpersonar/lokallag el som som er interessert i å hjelpa oss å finna visningsstader i Sogn, eller har forslag til lokale saker/debattar me kan linka filmen opp til er det fint om de kan sende oss ei liste med kontaktar så sender me meir informasjon og tar kontakt vidare.

Berre ring viss de lurar på noko. Takk for hjelpa.

Ha ein fin møtedag

<http://www.hardingfilm.no>

trykk på watch teaser

mvh
Vigdis